

Referat frå foreldremøte for 3. og 4. trinn tysdag 1.03.16

14 heimar var representert på møtet.

Sak 1. Skule og klassemiljø

Me er 18 elevar fordelt på to trinn som stort sett går godt i lag, og som oftast er gode venner. Stundom er det litt ugreia mellom ein del guitar. Dette gjeld først og fremst ting som skjer i friminuttane. Det kan vera at ein kjem borti einannan, dyttar, misforstår reglar i leik eller seier dumme ting til kvarandre. Stundom vert det og slengt kommentarar til andre elevar, og då først og fremst til dei minste elevane på skulen. Dette er slikt som me brukar ein god del tid på, og som me treng hjelp frå dykk foreldre til å få bort. I klassen inne i timane går det greit. Dei er flinke til å passa på at alle har nokon til å sitja med når ein et for eksempel, og det er kjekt å sjå. Når elevar kjem i konflikt med kvarandre, vert det ofte stilt spørsmål om ikkje dette er ein Zeroskule. Svaret mitt er då : Kven er det som skal laga denne skulen. Me, får eg då like ofte som svar tilbake. Med **me**, så meiner me skule og foreldre i lag. For å gjera elevane flinkare til å unngå sosiale problem, eller til å løysa desse problema, arbeider me med Steg for steg. Dette for å betra elevane sin sosiale kompetanse. Då prøver me å utvikla empati og å læra strategiar for problemløysing. For å synleggjera problemstillingane, brukar me mykje rollespel, og dette synest elevane er kjekt å vera med på.

Sak 2. Leseopplæring

Skulen har gjennom lengre tid hatt stort fokus på lesing, utan at ein har gjort særleg synlege framsteg. Difor er dette ei stor utfordring for oss. Det å verta ein god lesar er svært viktig for eleven si utvikling. I kunnskapssløftet vert det nemleg stilt krav til lesing i **alle fag**. Med lesing tenkjer ein ikkje berre på å kunna lesa ein tekst med flyt, men ein skal også få med seg innhaldet i det ein les. For mange er dette vanskeleg. Vidare i livet vil ein møta krav om stadig meir dokumentasjon som både skal lesast og skrivast. På skulen byrjar me dagen med å lesa 15 min i ei bok. Av og til skal elevane fortelja litt om det dei har lest, eller lesa litt for klassen. Me har også fira timer veileia lesing for veka, der lesing er ein av stasjonane. I temafaga får elevane også ofte lesa avsnitt eller setningar av det som står i boka, og dette likar dei godt. Då vert det synleg om dei skjønar det som står der, eller om det er ord som ein må forklara.

Viser her litt kva utfordringar elevane snart vil møta: kartleggingsprøve lesing 3.klasse og nasjonal prøve i lesing 5.klasse. Dette gjer eg berre for å visa kor store krava er i dette faget. Så er spørsmålet: kva kan ein gjera for å løfta elevane opp på eit høgare nivå, og det er her skulen ber de som er foreldre til eit ekstra **«lesesamarbeid»**. De er nemleg viktige rolle-modellar for ungane dykkar. Med å lesa sjølv eller med å lesa for dei, vil ein kunna vekkja ei interesse for lesing. Her er det mange variantar ein kan veksle mellom. De kan lesa for eleven, eller i lag med eleven, lesa kvar sitt avsnitt eller kvar sin setning, snakka om vanskelege ord eller om heile teksten, stilla spørsmål til teksten og sjå på korleis ord vert

uttalt og skrivne. For å synleggjera det som vert gjort kvar dag, har me laga eit skjema med ein leselogg. Når elevane har gjort ein god jobb her, ventar ei lita belønning som for eksempel litt datatid, gymsaltid eller noko anna lurt som ein finn på. Då er det berre å ynskja lukka til med lesinga, der me håpar og trur at ein i lag kan verta betre lesarar.

Sak 3. Vekeplan – fag

På kvar plan står det kva me skal gjennomgå og kva som skal gjerast i løpet av perioden. Elevane har lekser kvar dag i lesing og metematikk, og to dagar i veka er det engelskleksa. Elevane er stort sett flinke til å få gjort leksene sine. Nytt i matematikk er at no må fjerdeklassingane føra inn oppgåvane i kladdebok. Dette gjer ein for å øva seg på å setja opp reknestykka. Prøver her å få inn at dette skal gjerast på ein ordentleg måte. Gongetabellane har me no ei stund jobba mykje med, og mange er no på veg til å læra dei fleste. Dette er ein stor og viktig jobb. Kan ein gongetabellane, ja då kan ein og deling. Me har hatt ein stor digital prøve i matematikk, og dei resultata vil de få sjå på foreldresamtale. På neste foreldresamtale vil de få ei skriftleg vurdering av eleven i lag med innkallinga. Den er skriven i eit digitalt program som heiter «Visma». Neste år vil de få tilgang til dette, slik at de kan sjå kor eleven står, kva utvikling han har hatt og kva han må øva på vidare.

Sak 4. Uteskule

Her vil eg minna om kor viktig det er å passa på at ein har med seg rette klede, slik at ein kan vera ute ein heil dag utan å frysa eller verta våt. Har hatt mange fine uteskuledagar, og gapahuken på Hokle set me stor pris på. Elles brukar me å gå til ulike plassar. Me har mange fine å velja mellom.

Sak 5. Foreldrefest

Her er det klassekontaktane som har ansvar for organisering av mat, og elevar og lærarar står for programmet. Det kom fram ynskje om at ein ikkje hadde med sysken på denne festa.

Sak 6. Val av klassekontakte for neste års 5. klasse

Her vart Hildegunn Sivertsen valt med Renate Thomassen som varakvinne.

Sak 7. Ymse

Snakka litt om nyttige nettsider som elevane kunne gå inn og øva på.

Skrivar Oddvar Stang

